

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Jan-Peder Kleppe [mailto:jpk@eu.icapenergy.com]

Sendt: 1. februar 2005 08:26

Til: Opsund Håkon

Kopi: Postmottak OED

Emne: ICAP Energy AS uttalelser til "Høring av lovutkast om pliktige elsertifikater"

Se vedlegg

Med vennlig hilsen,

Anne Jordal/Jan Peder Kleppe

ICAP Energy AS

+47 55 60 44 21/ +47 95 80 95 03 (mob.)

Olje- og energidepartementet
Energi- og vassdragsavdelingen
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

Bergen, 20. jan. 2005

Kommentar til notatet "Om utkast til lov om pliktige elsertifikater"

Innleiingsvis vil vi uttrykke støtte til lov om ein pliktig elsertifikatmarknad i Noreg. Vi trur at dette er ein føremålsteneleg måte å nå dei måla ordninga er innretta på.

Vår erfaring som meklar frå starten av i den tilsvarende svenske ordninga og andre "grønne" marknader, gjer at vi ynskjer å kommentere eit par punkt.

Om energikjelder med elsertifikatrettar:

Det er viktig med ei teknologinøytral og truverdig ordning.

Torv bør ikkje vere inkludert eit felles norsk-svensk system. Kvotehandling med Co2 vil gjerne redusere talet på sertifikat frå torv-kjelder. Men fossilt innslag er eit uheldig signal å gje til elforbrukarar som venteleg vil kome med kritiske merknader til det nye påslaget i elprisen. Innslaget av ureine energikjelder er ikkje samstemt med "grøne definisjonar" i EU sitt system. Såleis er dette også uheldig om målsettinga på sikt er ei ytterlegare utviding av elcert marknaden.

Det bør derimot vurderast om ordninga kan tilretteleggast for kraftproduksjon basert på avfallsforbrenning. Her kan det settast maksimalgrenser for innblanding av usortert boss – og ordninga kan gje gode ringverknader for søppelhandtering.

I diskusjonen omkring levetida til elsertifikata, er det eit godt poeng at dei kan sparast utan tidsavgrensing. Utover regulering av tilgang mellom år med lav og høg tilgang på sertifikat, gjer dette handelen med sertifikat meir fleksibel – og har vore viktig for å opne opp for handel fleire år framover i tid. Likviditet langs heile kurva er ein gode både for strømleverandørar på langtidskontrakter, samt investorar på fornybar el med sertifikatrettar.

"Traderar" i marknaden sørgjer for at store avvik på rentekurva mot spotleveringar, vert korrigererte. Med sertifikatprisen inkludert i straumprisen, vil incentiva for kjøparen om handel framover i tid også vere til stades. Totalt vil dette sørge for likviditet i marknaden også for andre leveringar enn spot.

Større endringar i strukturen og maktbiletet for kraft – og derigjennom sertifikatrettar, kan leie til at sertifikat vert haldne tilbake på konto. Det bør då kunne vurderast tiltak for å få opptjente sertifikat ut på marknaden. Eksempelvis ved at nye sertifikat på produsentane sin konto får ei tidsavgrensa "kviletid" før dei må aktiverast ved salg.

Vi trur at eit langsiktig perspektiv på ordninga er naudsynt. Særleg dersom ein ser for seg ei vidareutvikling av ordninga med påkobling av fleire medlemsland.

Noreg bør legge seg på eit ambisjonsnivå som reflekterer potensialet for kraftutbygging. Utgangspunktet for høyringsrapporten synes etter vårt syn å gje ein liten basis for norske sertifikat i starten. Dersom ein ikkje vel å inkludere prosjekt med byggstart for 2004 (småskala vatn- og vindkraft), er det viktig med eit lavt utgangspunkt med påfølgjane hurtig oppskalering av kvoteplikta. Handsamingstida for byggesøknader i NVE/OED må vere kortast mogleg – og reflektere den store trongen for ny produksjon med sertifikatrettar.

Ein bør også vurdere om eit anlegg bør ha sertifikatrettar i meir enn 10 år. Dette kan gjere prosjekta meir bærekraftige og gje incentiv til også å utvikle/bruke annan teknologi enn den tradisjonelle. For å nå slike mål, må ein sikre eit ambisiøst nivå for kvoteplikta.

Om elsertifikatplikta

Ei kvotefastsetting i TWh framfor i prosent, synes meir målretta enn ein presentsats. Det understrekar at ordninga fokuserer på produksjons- og investeringssida, og gjer rammene svært forutsigelige. Den prosentvise uvissa dette gjev kvotepliktige, vil vere til å leve med.

Om forvaltning av elsertifikatlova

I den svenske sertifikatlova er det transparente kontosystemet til Caesar høgt skatta. Der kan ein på historisk basis sjå alle transaksjonar og prisar. Imidlertid saknar mange aktørar eit meir oppdatert marknadsbilete, der også tidspunkt for handel og evt. oversikt over handlar lenger framme i tid, er tilgjengelege. Denne typen informasjon er vital, og særleg etterspurt av mindre, sjølvstendige aktørar.

Dersom ein ser det som ei føremon at mindre aktørar handsamar sertifikata sjølve – er størst mulig grad av marknadsinformasjon viktig. I Sverige ser vi at det faktisk er dei mindre aktørane som i stor grad sørgjer for likviditeten og derigjennom gjev bilete av kjøps- og salgssida i marknaden. Større og integrerte selskap handlar internt i desse spreadane utan at voluma kjem ut på den opne marknaden.

Vi er fleire meglarar som jobbar innanfor ulike sertifikatordningar i dag – også i Sverige. Særleg på informasjonssida har arbeidet vårt vore viktig no i ein tidleg fase. ICAP har intensjonar om å forsette å jobbe på denne måten, og håpar at vi også kan hjelpe norske aktørar igang i ein ny og utvida norsk-svensk marknad.

Om omsetting av elsertifikater

Elsertifikatmarknaden har modna seg over den tida han har fungert. Ordninga slik ho er konstruert, har skapt ein omsetnadskonsentrasjon om sertifikatleveringar i mars månad. Utanom dette handlast leveransar spreidd utover året – men med ekstra volum på desember-overføringar. Standard i kontraktene er betaling innan fem arbeidsdager etter at sertifikata er komne på kjøpar sin konto.

Det har vist seg vanskeleg å standardisere dato for overføringar. I fyrste rekkje ser vi at dette heng saman med ynskje om fleksibilitet frå selgarane si side. Vi trur likevel at ein gjennom større aktivitet i viss grad kan standardisere framtidige leveransar.

I ein relativt tynn, svensk sertifikatmarknad, er "tradarar" i høg grad med på å gje auka likviditet og korrigere "feilprising". Det er viktig at ein også i framtida gjer det mogleg å handle for aktørar som ikkje sjølv har sertifikatrettar eller kvoteplikt.

Generelt:

Vi synes det er positivt med planane om ein samordna norsk-svensk marknad. Og vi trur at ein felles marknad er naudsynt for å oppnå ønska likviditet. Premissene for ordninga må vere likast mogleg i begge land. ICAP Energy AS satsar på dette som eit eige aktivitetsområde innan energihandel, og vi har idag god kompetanse om både "grønne" marknader og utslepp av klimagassar.

Vi håpar at norske styresmakter arbeider vidare for utvida handel over landegrensene med både elsertifikat og andre typar standardiserte opphavsgarantiar for miljømerka kraft. Ved å utnytte dei naturgjevne forholda både Norge og Sverige har for slik produksjon, kan vi i fellesskap markere oss som ein leiande og trendsettande eksportør.

Helsing ICAP Energy AS

Anne Jordal
Energimeglar

Jan Peder Kleppe
Energimeglar